

# **Nøringen - eit kulturskuletilbod for 4-6 åringer med temaet kulturarv i Hardanger og på Voss.**

## **Bakgrunn og mål**

Hardanger Spelemannslag, Voss Spelemannslag, Kvemmingen spel – og dansarlag og prosjektet hardingfela.no ynskjer å skapa eit fokus og spreie kunnskap og interesse for kulturarva i regionen til den oppveksande generasjonen i Hardanger og på Voss.

Samstundes ynskjer ein å sikra framtidig god rekruttering i kulturskulen og til spel – og dansarlaga innan folkemusikk og folkedans.

Difor startar jobba ein med satsinga "Nøringen" som skal vera eit kulturskuletilbod til 4-6 åringer i kvar av dei sju Hardangerkommune og på Voss. I tilboden vert tradisjonsmusikk og tradisjonsdans sentralt, men ein tilpassar tilboden i kvar kommune ut i frå kva kommunen ynskjer å syna fram eller læra bort av sin kulturarv og kva ressurspersonar som vert med i satsinga. Over 100 born kjem til å få vera med i satsinga dersom søkera er god, og dette vil vera eit prosjekt som er unikt i landssamanheng. Me vonar at me kan starta opp med vårsemesteret 2018 som eit prøvehalvår.

Idéen til prosjektet har me henta frå Ål kommune som hadde tilboden "Basken" til 4-6 åringer i 10 år i samarbeid med Ål spel – og dansarlag. Rekrutteringa innan spel, song og dans var særskilt god i den perioda som Basken varte.

## **Om namnet "Nøringen"**

Nøringen er ein kjend gangar som har vorte mykje nytta på Vestlandet. Slåtten vart nytta til morgonslått andre bryllaupsmorgen når gjestene fekk skjenk og mat i Hardanger og på Voss. Stevet til slåtten er av dei mest kjende slåttestev i Noreg:

Eg ser deg, eg ser deg  
Men eg kan ikkje koma til deg (rep)  
Men hadde eg med åra og baoten va god  
So skulde eg bortom flijoten ro  
Eg ser deg, eg ser deg  
Men eg kan ikkje koma til deg.

Attåt lenker til folkemusikk og song, lokalhistorie og matkultur så tyder å "Nøre" å kveike så me vonar at Nøringen kan kveike ei interesse for den lokale kulturen i Hardanger og på Voss.

## **Samarbeidspartnarar**

Dei tre spelemannslaga som dekkjer alle desse åtte kommunane:

Hardanger Spelemannslag, Kvemmingen spel – og dansarlag og Voss Spelemannslag. Alle desse tre har årsmøte – eller styrevedtak om at dei ynskjer å vera med på satsinga (Sjå vedlegg).

Kulturskulane i:

Granvin, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Jondal, Odda, Ullensvang og Voss. Alle dei 8 kulturskulerektorane har takka ja til å vera med på satsinga.

Andre friviljuge lag og organisasjoner vil verta kontakta og spurde om dei vil bidra til praktiske aktivitetar, t.d. Bygdekinnelaga i dei ulike kommunane, Husflidslaga, Ungdomslag, Slow Food Hardanger (har allereie gjeve tilbakemelding om at dei ynskjer å bidra).

Institusjonar: Haugesenteret, Hardanger og Voss Museum og Ole Bull Akademiet (Og mogeleg fleire også, men det er desse som har vorte kontaktat til no).

Koordineringa mellom kommunane og dei ulike laga vert gjort av hardingfela.no som er ei

satsing eigmeld av Hardanger og Voss Museum og Ole Bull Akademiet. Hardingfela.no er ei folkemusikk – og folkedanssatsing med ekstra fokus på hardingfela.

I høve budsjettet så har me lagt opp til 10 ulike grupper slik at ein t.d. har høve til å ha eit tilbod på vestsida av Ullensvang og eit på austsida av Ullensvang på grunn av lang reiseveg og därleg med ferjetilbod, og to satsingar i ein stor kommune som t.d. Voss dersom de synar seg at søknadsmengda vert veldig stor.

### **I praksis**

Dette vert gruppeundervisning og det er anbefalt maksimum 12 born per.gruppe. Foreldra vert invitert med nokre gonger og ein får spreidd kunnskapen til desse også.

Kulturskulane marknadsfører tilboden og tilset 2 pedagogar i kring 5 % stilling kvar (tilsvarende 1 skuletime i veka + ekstra tid til førebuing). Desse to pedagogane er dei som utarbeidar fagplan/timeplan for tilboden og ha kontakt med andre friviljuge organisasjonar. Desse to pedagogane bør utfylla kvarandre godt i høve til spel, song og dans og andre aktivitetar som ein skal fylle timeplana med. Spelemannslaga og hardingfela.no vert sentrale i å koma med forslag til kven pedagoane skal vera. Attåt spel, song og dans så vert t.d. Bygdekvinneлага spurte om dei kan vera med ein gong med ein aktivitet: steike krotakaker, flatbrød m.m. Husflidslaga med ulikt handverk, musea med sine pedagogar og handverkarar og andre ressurspersonar. Timeplana vert difor litt ulik kvar kommune.

Nokon av kommunane kjem til å byggje på dei kulturskulestillingane dei allereie har innan folkemusikk, medan andre kjem til å bruka freelancrar og andre ressurspersonar. Det er viktig at minst ein av dei to pedagoane har god lokal tilknytning i den kommunen han/ho skal jobba. Samording og dialog mellom alle pedagogane i kommunen vert viktig og det vert lagt opp til 3 fellesmøter med pedagogane. Sjå vedlegg med oversikt over kva pedagogar som er spurte førebels om å vera med på ”Nøringen”.

I høve lokalisering så ynskjer me å syne borna nokre av dei flotte og historiske bygningane/tuna me har. Hardanger og Voss Museum har invitert oss til å nydda t.d. Dagestadsmuseet på Voss, Skredhaugen på Lofthus, Agatunet på Aga, Fartøyvernsenteret i Norheimsund, Granvin kommune ynskjer gjerne at me nyttar Bygdatunet og Kulturbanken i Granvin m.m.

Kulturskuleavslutninga for borna kan vera lagt til den vanlege kulturskuleavslutninga i kvar kommune, eller dei får synt seg fram på lokale festivalar m.m. Fleire av pedagogane har allereie kome med forslag og ynskje om å dramatisera ”Nøringen” og leggje inn det borna har lært av spel, song og dans. Hardingfela.no har frå før av samarbeid med Hardanger Musikkfest som er i pinsa og ei slik førestilling kunne ha vore lagt til.

### **Kurs for barnehagetilsette**

I tilknytning til ”Nøringen” så ynskjer me å arrangera to kurs for tilsette i barnehagar i løpet av 2018 der lokal kulturarv og praktiske øvingar innan t.d. dans og song vert tema. Dette for å spreie interessa og kunnskapen endå vidare.

### **Framtida**

Vårsemesteret 2018 vert eit prøvehalvår for ”Nøringen”. Me vonar at flest mogeleg av kulturskulane ynskjer å ha med satsinga vidare i sitt tilbod, og at det i framtida vert eit spleiselag mellom kulturskule, lokale kulturmidlar og FriFond-midlar som spelemannslaga kan søkje. ”Nøringen” er også valgt ut som eit av 5 nasjonale rekrutteringsprosjekt av FolkOrg (Den nasjonale organisasjonen for folkemusikk og folkedans), og me vonar på vidare drahjelp også derifrå.